

Høyringsinstans

Norheimsund, 04.04.2022

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljregulering Bergeneset

Vår ref: 2703


VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN BERGENESET I STRANDEBARM – PLANID 4622 20220001

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert det kunngjort oppstart av detaljregulering for nye bustadar på Bergeneset i Strandebarm, på vegne av tiltakshavarar Nils Ove, Atle og Per Helge Berge.

Planområdet er på ca. 13,8 daa og ligg på gnr. 118 bnr. 6 m.fl i Strandebarm i Kvam herad. Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for etablering av tre nye tomter for einestadar, samt utbetra eksisterande tilkomstveg jf. Statens Vegvesen si handbok N100 med utbetra avkøyring mot fylkesvegen og inn til eigedomen. Vegtraseen skal endrast til å hamna lenger ut frå eigedom 118/32. Midtlina på vegen vil gå langs med eigedomsgrensa mellom 118/32, 25 og 14.



Figur 1: Skisse over tenkt ny vegtrase. Avkøyringar som skal utbetrast er markert med raud ring.



Langs fylkesvegen skal det opparbeidast oppstillingsplass for busspann som ikkje skal koma i konflikt med frisiktlinene. Det er også ynskjeleg å legge til rette for bryggjer i sjø – i tråd med kommuneplan for Kvam herad.

Planarbeidet er i tråd med arealføremålet i arealdelen til gjeldande kommuneplan for Kvam herad. Heradet vurderer difor planen til å ikkje utløyse krav om planprogram jf. PBL §4-1 og konsekvensutgreiing jf. PBL §4-2.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kartskisse.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 08.05.2022.

Innspel som kan ha innverknad på, eller vera av interesse for planarbeidet skal sendast til
Geoplan AS
Sandvenvegen 17
5600 Norheimsund

eller via e-post til ingeborg.jensen@geoplan.no.

Spørsmål rettast til Geoplan AS v/ Ingeborg Steine Jensen: 478 04 789. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt inn til Kvam herad for handsaming.

Med venleg helsing
Ingeborg Steine Jensen
Byggingeniør/ arealplanleggjar

